



DEN NORSKE KYRKJA

.Ålhus sokneråd

Møtebok 17.10.24

Styre, råd og utval Ålhus sokneråd	Møtestad Vassenden kyrkjesenter	Møtedato 17.10.24
Arkiv nr.	Møtestart 18.00	Møteslutt 20.00

Til stades på møtet:

Magne Kristian Kvinge, Børge Gjesdal, (for Ingvill Støfringstøl) Bernt Kjøsnes, Knut Magne Nesse, Solveig Magnhild Stenslid Lesto, Bernt Kjøsnes, Annette Slåtten, Ingeborg Bråttvik Slåtten, Inger Johanne Klakegg

Saker: 22- 32/24

Utskrifter:

Faste- og vara medlemmar (jf lister).

Sak: 22/23 Godkjenning av innkalling

Framlegg til vedtak: Innkallinga godkjent utan merknad

Vedtak: Innkallinga godkjent utan merknad

Sak 23/23 Godkjenning av referat av 06.06.24

Framlegg til vedtak: Referat godkjent utan merknad

Vedtak: Referat godkjent utan merknad

Sak 24/24 Rekneskap 2023

Framlegg til vedtak: Soknerådet godkjenner den framlagde rekneskapen for 2023. Mindreforbruket på kr. 17.379,60 vert sett av til disposisjonsfondet.

Vedtak: Framlegg til vedtak vert godkjent med følgjande merknader:

Mindreforbruk/overskot skal overførast til disp. fond Ålhus sokn.

I 2024 kom det ei minnegåve (Taklo) øyremerka Ålhus kyrkje; bør vi ha eit fond som heiter Ålhus gamle kyrkje til slike gåver ?

Sak 25/24 Rekneskapsoppfølging pr 31.08.24 Ålhus sokn

Vedtak: Ingen merknad.

Sak 26/24 Rekneskap for Hyrdingrøysta.

Vedtak: Det må komme påminning om bladpengar. Det må også ligge fysisk giro i bladet, og det kom forslag om å skrive beløpet på giroen. Solveig snakkar med Ingrid Søyland.

- Sak 27/24 Samarbeid med Vassenden kyrkjesenter, på ulike arrangement**
Konfirmantfest: Soknerådet står for alt og kjøper ingen tenester frå kyrkjesenteret. Skal soknerådet betale husleige då ?
Kva står det i vedtektene om bruk av huset til «eige arbeid» ? Knut Magne Nesse sjekkar dette.
- Sak28/24 Juletreffest 4.juledag kl. 17.00, Vassenden kyrkjesenter**
 Gratis juletreffest i år òg. Kollekt. Kort program, mest jultregang. Kveldsmat. Forslag til talar: Geir Sørebo ? Gerd Sunde ?
- Sak29/24 Evaluering av Jubileumsfeiringa for Landslova etter Magnus Lagabøte, 27-29.sept. v/Prost Knut Magne og Annette**
 Alle arr. var fullteikna. Det kom folk frå heile Sunnfjord, ikkje berre lokalt. Det blei vaska og rydda fint rundt kyrkja, og grusa på nytt. Alt i alt eit vellukka arrangement. Bannera som heng på kyrkja skal takast ned før advent
- Sak 30/24 Innkjøp av smale bord til Ålhus kyrkje**
 Ønskje om to smale bord til bruk ved kyrkjekaffi i Ålhus kyrkje, og om å søkje Fellesrådet om ein benk til utanfor kyrkja
Vedtak: Soknerådet er positiv til begge forslaga og Annette Slåtte tar saka vidare.
- Sak 31/24 Meldingar/Orientering:**
- Geir Sørebo har fått engasjement som fung.sokneprest i 60% frå 01.11.24-31.05.25.
 - Referat frå møte i Trusopplæringsutvalet, vedlagt.
 - 19.oktober Ålhus kyrkje kl.16 Konsert "Songar" av Jon Fosse, framført av songar og gitarist Klaus Vatne, Ålhus kyrkje
 - 2.november Helgheim kyrkje kl.16 Kveldssete i "Den vanskelegaste kjensla" med Guro Årdal Rekkedal, samtale med tonefylgje
 - 3.nov kl.11 Helgheim kyrkje, Minnegudsteneste for heile Jølster. (pårørande får invitasjon i posten)
 - 10. nov kl.18, Vassenden kyrkjesenter: «Det ingen kunne tru at nokon kunne bu» Vassenden kyrkjesenter, ber om hjelp frå begge sokna til å henge opp plakatar.
 - 16.nov Vassenden Kyrkjesenter kl. 11, Trygg til nattagudsteneste, 2 og 3 års-samling med dueslepp v/Silje (denne er tillegg til den opphavelige gudstenesteplanen)
 - Frist for stoff til julenummer Hyrdingrøysta, 20. november
- Sak 32/24 Tilkomne saker**
 Kyrkjevertane må passe på å sette fram rett korg med program for gudstenestene dåpsgudsteneste/»vanleg» gudstenestene, slik at dei ikkje blir blanda, også sjekke at det er rett program i rett korg,

 Det må ryddast i teiknebrett, ark og fargar. Annette ryddar i Ålhus, Ingeborg og Inger Johanne ryddar på Kyrkjesenteret.

Neste soknerådsmøte 21.11.24

Referent Inger Johanne Klakegg